



# VINJE KOMMUNE

## MØTEBOK

Utval	Stad	Dato	Kl.
Plan- og miljøutvalet	Formannskapssalen	05.11.2014	09:00

### Desse representantane møtte

Namn	Repr	Vara for
Nils Vågslid DY	H	
Øystein Høgetveit	SV	
Lena Romtveit	SP	
Oscar Garnes	V	
Roar Berg Hansen	AP	
Ingunn Hustveit	AP	
Johan Vaa	SV	Tone Edland

Saker til handsaming	14/117 - 14/122
----------------------	-----------------

### Merknader

### Andre som møtte

Namn	Stilling
Lotte Næss	Arealplanleggjar
Jenny Fetveit	Arealplanleggjar
Kjell Negarden	Byggjesakshandsamar
Gry Åsne Wienenga	Plan- og økonomisjef
Jan Myrekrok	Rådmann
Åge Verpe	Teknisk sjef
Signe Vinje	Plan- og byggjesakshandsamar

Nils Vågslid  
Fung. leiar

Reidun Lofthus  
administrasjonssekretær

## Saksliste

### Saksnr      Tittel

PS 14/117    Referat og meldingar

PS 14/118    Søknad om plassering av tiltak på gnr. 123, bnr. 2 - Arabygdvegen  
1149

PS 14/119    Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 2016 - 2021

PS 14/120    Framlegg til detaljregulering for hyttefelt Kostveit 50/1 og Sudbø 50/11  
- 2. gongs handsaming

PS 14/121    Dispensasjonssøknad for bruksendring.

PS 14/122    Søknad om omdisponering av jordbruksareal - gnr. 120/2

## **PS 14/117      Referat og meldingar**

- RS 14/315                      Møtebok frå førre møte
- RS 14/316 Uttale - Søknad til Fjellandbruket - kvoteleige på gnr. 111/2 i Vinje
- RS 14/317 Uttale - Søknad om tilskot frå Fjellandbruket - Budeieveven
- RS 14/318 Vedtak - Søknad om kommunalt tilskot - Budeieveven
- RS 14/319 Søknad om konsesjon på kjøp av fast eigedom - gnr. 153/17 i Vinje
- RS 14/320 151/287 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 fritidsbustad
- RS 14/321 119/154 Øyffjell - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 fritidsbustad
- RS 14/322 150/1 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 veg og VA
- RS 14/323 138/3 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 fritidsbustad
- RS 14/324 141/81 - Haddland - Løyve til tiltak jf. pbl § 20-2 - Garasje til bustad
- RS 14/325 25/83/3 Åmot - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 tilbygg
- RS 14/326 63/6 Vinje - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 minirensaneanlegg
- RS 14/327 152/52 - Rauland skisenter - Løyve til tiltak jf. pbl § 20-2 - Tilbygg til fritidsbustad
- RS 14/328 RE: E134 Raudå bru - Åmot. Vegprosjekt
- RS 14/329 150/1 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 kulvert
- RS 14/330 138/45 Rauland - Løyve til tiltak PBL §20-2 Bod
- RS 14/331 161/11/1 Møsstrand - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 antennemast
- RS 14/332 140/216 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 fritidsbustad
- RS 14/333 150/402 Rauland - Løyve til tiltak - PBL § 20-1 fritidsbustader
- RS 14/334 Igangsettingsløyve - Søknad om rammeløyve - bustad 104/1
- RS 14/335 Oversendelse av klage på vedtak om Vesle Kjela kraftverk i Vinje kommune, Telemark.  
NVEs referanse: 201104306-29
- RS 14/336 118/9 Øyffjell - Løyve til tiltak jf PBL §20-2 tilbygg

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet 05.11.2014:**

Plan- og miljøutvalet var på synfaring på Urdbø hjå Per Særen.

Johan Vaa (SV) hadde merknad til RS-sak 14/319 – Søknad om konsesjon på kjøp av fast eigedom, G/Bnr 153/17.

Vaa meinte saka ikkje er innanfor rammene i delegasjonsreglementet. Plan- og miljøutvalet var einige i dette og vedtok samrøystes at rådmannen skulle sjå på saka.

Plan- og byggesakshandsamar Signe Vinje informerte om status i planarbeidet med det raude løypenettet for snøskuter.

Rådmann Jan Myrekrok informerte om arbeidet om sal- og tilbakeleige og reguleringsføresegner i næringsområde.

Plan- og økonomisjef Gry Åsne Wienenga informerte om status vedkomande lavvoen i Arabygdi. Plan- og miljøutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under denne informasjonen, jf. Off.l.§ 13, jf. Fvl § 13.1 Teieplikt.

Framlagde referat og meldingar blei teke til etterretning.

**PS 14/118      Søknad om plassering av tiltak på gnr. 123, bnr.  
2 - Arabygdvegen 1149**

*Rådmannens framlegg til vedtak:*

**Plan og miljøutvalet viser til saksutgreiinga og avslår søknad om dispensasjon då vilkåra i pbl. § 19-2 ikkje er oppfylt.**

Rådmannen,  
Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet 15.10.2014:**

Framlegg frå V v. Oscar Garnes:

Saka blir utsett til utvalet har vore på synfaring.

Framlegget frå Garnes blei samrøystes vedteke.

**Saka blir utsett til utvalet har vore på synfaring.**

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet 05.11.2014:**

Framlegg frå plan- og miljøutvalet:

Plan- og miljøutvalet avslår søknaden om dispensasjon då vilkåra i pbl. § 19-2 ikkje er oppfylt.

Tiltakshavar kan fremje ein søknad om regulering etter PBL § 12-8 til plan- og miljøutvalet.

Frist for varsel av oppstart blir sett til 01.02.15.

Framlegget frå plan- og miljøutvalet blei samrøystes vedteke.

**Plan- og miljøutvalet avslår søknaden om dispensasjon då vilkåra i pbl. § 19-2 ikkje er oppfylt.**

**Tiltakshavar kan fremje ein søknad om regulering etter PBL § 12-8 til plan- og miljøutvalet.**

**Frist for varsel av oppstart blir sett til 01.02.15.**

**PS 14/119      Regional plan for vassforvaltning i vassregion  
Vest-Viken 2016 - 2021**

**Rådmannens framlegg til vedtak:**

Vinje kommune godkjenner Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 2016 – 2021 del 1 og 2, Regionalt tiltaksprogram 2016 – 2021, Regionalt overvakingsprogram 2016 – 2021 og Handlingsprogram 2016 med følgjande merknader:

- Denne uttalen dekker dei delane av Øst-Telemark vassområde, Tokke-Vinje vassområde og Midtre Telemark vassområde som ligg innanfor Vinje kommune. Planen peikar i stor grad på utfordringar som gjeld Vinje. Det gjeld særleg fornying av konsesjonen for Møsvatn og revisjon av konsesjonsreglementet for Tokke- Vinjevassdraget.
- Utan større løyvingar til vassforvaltningsarbeidet vil det vera vanskeleg å nå fastsette miljømål. Revisjon av eksisterande konsesjonsvilkår, fornying av vasskraftkonsesjonar og krav om ny konsesjonsbehandling vil krevje auka ressursar både lokalt og i OED og NVE.
- Under behandling av nye konsesjonsvilkår og nye konsesjonar må heile vassdraget vurderast under eitt og ikkje delast opp i fleire konsesjonar med ulik prioritet. Statlege føringar for revisjonssaker (NVE-rapport 049/2013 og brev frå statssekretærene i KLD og OED 14.1.2014) skal vera underlagt Vassdirektivet og miljømåla i den regionale vassforvaltningsplanen.
- Kommunen står fast ved sitt tidlegare krav i revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget og til ny konsesjon for Møsvatn.
- Revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget og fornying av konsesjonen for Møsvatn må avgjerast i løpet av planperioden. Dersom sakene blir utsett og miljømåla ikkje blir nådd før i neste planperiode (2022 – 2027) må det arbeidast med mellombels løysingar, som friviljuge restriksjonar. Moderne naturforvaltningsvilkår må inn i alle konsesjonsreglement, som gjennom nasjonal forskrift.
- Kommunen er skeptisk til at meir av tilskota i landbruket (Regionalt miljøprogram og Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap) skal nyttast til å nå måla for vassforvaltning i nedre delar av fylket så lenge dette kan gje reduserte tilskot i øvre del av Telemark.
- Spreiing av framande artar må med under prioriteringane i forvaltningsplanen.
- Utgifter til lokal tiltaksovervaking må dekkast av ansvarleg påverkar. Problemkartlegging er viktig for å heve kunnskapsgrunnlaget der påverknad og miljøtilstand er dårleg kjent og må dekkast av ansvarleg sektormynd. Utvalde

**lokaliteter med høg tilførsel av sur nedbør bør overvakast gjennom basisovervaking, som er eit nasjonalt ansvar.**

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet 05.11.2014:**

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

**Vinje kommune godkjenner Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 2016 – 2021 del 1 og 2, Regionalt tiltaksprogram 2016 – 2021, Regionalt overvåkingsprogram 2016 – 2021 og Handlingsprogram 2016 med følgjande merknader:**

- Denne uttalen dekker dei delane av Øst-Telemark vassområde, Tokke-Vinje vassområde og Midtre Telemark vassområde som ligg innanfor Vinje kommune. Planen peikar i stor grad på utfordringar som gjeld Vinje. Det gjeld særleg fornying av konsesjonen for Møsvatn og revisjon av konsesjonsreglementet for Tokke- Vinjevassdraget.
- Utan større løyvingar til vassforvaltningsarbeidet vil det vera vanskeleg å nå fastsette miljømål. Revisjon av eksisterande konsesjonsvilkår, fornying av vasskraftkonsesjonar og krav om ny konsesjonsbehandling vil krevje auka ressursar både lokalt og i OED og NVE.
- Under behandling av nye konsesjonsvilkår og nye konsesjonar må heile vassdraget vurderast under eitt og ikkje delast opp i fleire konsesjonar med ulik prioritet. Statlege føringar for revisjonssaker (NVE-rapport 049/2013 og brev frå statssekretærene i KLD og OED 14.1.2014) skal vera underlagt Vassdirektivet og miljømåla i den regionale vassforvaltningsplanen.
- Kommunen står fast ved sitt tidlegare krav i revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget og til ny konsesjon for Møsvatn.
- Revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget og fornying av konsesjonen for Møsvatn må avgjerast i løpet av planperioden. Dersom sakene blir utsett og miljømåla ikkje blir nådd før i neste planperiode (2022 – 2027) må det arbeidast med mellombels løysingar, som friviljuge restriksjonar. Moderne naturforvaltningsvilkår må inn i alle konsesjonsreglement, som gjennom nasjonal forskrift.
- Kommunen er skeptisk til at meir av tilskota i landbruket (Regionalt miljøprogram og Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap) skal nyttast til å nå måla for vassforvaltning i nedre delar av fylket så lenge dette kan gje reduserte tilskot i øvre del av Telemark.
- Tiltak mot spreiding av framande artar må med under prioriteringane i forvaltningsplanen.

- **Utgifter til lokal tiltaksobservasjon må dekkast av ansvarleg påverkar. Problemkartlegging er viktig for å heve kunnskapsgrunnlaget der påverknad og miljøtilstand er dårleg kjent og må dekkast av ansvarleg sektormynde. Utvalde lokalitetar med høg tilførsel av sur nedbør bør overvakast gjennom basisobservasjon, som er eit nasjonalt ansvar.**

Saksordførar: Lena Romtveit

## ***PS 14/120      Framlegg til detaljregulering for hyttefelt Kostveit 50/1 og Sudbø 50/11 - 2. gongs handsaming***

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

**Framlegg til detaljregulering for del av Kostveit 50/1 og del av Sudbø 50/11 vert sendt på høyring til forslagsstillarane i medhald av pbl § 12 - 10 med desse endringane :**

- a. A-området vert teken ut,**
- b. talet på hytter i C, D og E-områda vert redusert med ein tredel**
- c. andre endringar i rådmannens vurdering.**

**Dersom det ikkje kjem inn vesentlege merknader etter høyring, kan framlegg til detaljregulering for Kostveit 50/1 og Sudbø 50/11 vedtakast i medhald av pbl § 12 - 12.**

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet 05.11.2014:**

Framlegg frå SV v. Johan Vaa:

Framlegg til detaljregulering for del av Kostveit 50/1 og del av Sudbø 50/11 vert tilrådd godkjend i medhald av pbl § 12 - 10 med desse endringane :

1. Kolgroper: Presisere omsynssone d) i teiknforklaringa og merke kolgropa med namn i plankartet, rette føresegner om omsynssone d) i tråd med merknad frå fylkeskommunen.
2. Statkraft sin tappetunnel vert lagt inn i plankartet som omsynssone med føresegner.
3. Møteplassar vert lagde inn i plankartet, og det vert lagt til rettes for aktivitetsområde.
4. Føresegner om rekkefylgje:
  - a) «Utbygging kan berre gjerast i samsvar med vedteken vass- og avlaupsplan der tilhøvet til vassressurslova er avklara med NVE.»
  - b) «Det blir ikkje gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve før vassverk er bygd og godkjent, det er gjeve utsleppsløyve for avlaupsvatn, og reinseanlegg er bygd og godkjent.»

Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

A-området vert teke ut.

### Røysting:

Ein sette fyrst Vaas framlegg opp mot rådmannens. Vaas framlegg blei vedteke med 5 mot 2 røyster.

Deretter røysta ein over Høgetveits framlegg. Høgetveits framlegg fall med 4 mot 3 røyster.

Vedtaket blei då:

**Framlegg til detaljregulering for del av Kostveit 50/1 og del av Sudbø 50/11 vert tilrådd godkjend i medhald av pbl § 12 - 10 med desse endringane:**

1. **Kolgroper:** Presisere omsynssone d) i teiknforklaringa og merke kolgropa med namn i plankartet, rette føresegner om omsynssone d) i tråd med merknad frå fylkeskommunen.
2. **Statkraft sin tappetunnel** vert lagt inn i plankartet som omsynssone med føresegner.
3. **Møteplassar** vert lagde inn i plankartet, og det vert lagt til rettes for aktivitetssområde.
4. **Føresegner om rekkefylgje:**
  - a) «Utbygging kan berre gjerast i samsvar med vedteken vass- og avlaupsplan der tilhøvet til vassressurslova er avklara med NVE.»
  - b) «Det blir ikkje gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve før vassverk er bygd og godkjent, det er gjeve utsleppsløyve for avlaupsvatn, og reinseanlegg er bygd og godkjent.»

Saksordførar: Johan Vaa

## ***PS 14/121      Dispensasjonssøknad for bruksendring.***

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

**I medhald av plan- og bygningslovas §§ 11-6 og 19-2 blir det gitt dispensasjon for bruksendring av 2. etasje av næringsbygg på eigedom gnr./bnr. 118/15 slik det er søkt om.**

Rådmannen,  
Jan Myrekrok, rådmann /s/

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet 05.11.2014:**

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

**I medhald av plan- og bygningslovas §§ 11-6 og 19-2 blir det gitt dispensasjon for bruksendring av 2. etasje av næringsbygg på eigedom gnr./bnr. 118/15 slik det er søkt om.**



**PS 14/122 Søknad om omdisponering av jordbruksareal - gnr. 120/2**

**Rådmannens framlegg til vedtak:**

**Plan- og miljøutvalet gjev Ingvald Byggland, Øyfjell – i medhald av jordlova § 9 – løyve til omdisponering av inntil 2 dekar dyrka jord på gnr. 120/2 som omsøkt. Det blir sett vilkår om at føremålet er fast busetting, og at areal ikkje blir frådelt gnr. 120/2. Det blir og i medhald av plan- og bygningslova § 11-6 gjeve løyve til bustadtomt som omsøkt.**

Rådmannen,  
Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Plan- og miljøutvalet 05.11.2014:**

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

**Plan- og miljøutvalet gjev Ingvald Byggland, Øyfjell – i medhald av jordlova § 9 – løyve til omdisponering av inntil 2 dekar dyrka jord på gnr. 120/2 som omsøkt. Det blir sett vilkår om at føremålet er fast busetting, og at areal ikkje blir frådelt gnr. 120/2. Det blir og i medhald av plan- og bygningslova § 11-6 gjeve løyve til bustadtomt som omsøkt.**